

Julebuldring.

20.12.2019



Stor aktivitet i heile salen då klatregruppa arrangerte julebuldring.

Onsdag kveld inviterte klatregruppa i Uskedalen til buldrekonkurranse og julestemning i Aktivitetshuset. Her møtte 35 ivrige klatrarar, både erfarne og mindre erfarne. Deltakarane kom frå heile kommunen. Det kom og ein gjeng frå Odde.



Klatremiljøet er i god vekst!

Konkurransen gikk ut på å løse flest moglege buldreutfordringer. Det vil sei at ein prøver å klatra bestemte korte ruter. Rutene var spreidd rundt i hallen, både i klatreveggen og på limtrebjelkane. Chris Fossli og Emil Stafsnes hadde på førehand laga 22 ulike utfordringar. Deltakarane rosa «ruteskruarane» for varierte og utfordrande ruter.

Frå kl. 18 til 21 var det høg buldreaktivitet, julemusikk, gløgg, peparkaker og småsnakking.

På pauseborda kunne deltakarane studera teikningar av det nye klatresenteret som idrettslaget arbeider med å få til. I tillegg til klatrevegg er det også planlagt eit større styrkerom.

Den høge aktiviteten på onsdag syner interesse og behov for betre fasilitetar. Ein håpar at dette i framtida kan sikra høg aktivitetsglede og liv i bygda.



Teikningar av det komande klatresenteret blir studert!



Det var også førjulskos innimellom aktivitetene

Tekst og foto: Steinar Haugland
Nett: Thor Inge Døssland